

Nils Garen
5785 VØRINGSFOSS

29.09.2012

Eidfjord Kommune
Simadalsvegen 1
5783 EIDFJORD

KLAGE PÅ VEDTAK GJORT I EIDFJORD FORMANNSKAP 03.09.12 , SAK 095/12

Saka gjeld dispensasjonssøknad frå Rambøll Norge AS, for Norkring AS, vedr. oppsetjing av ny og større mast på Høløksla.

Formannskapet gjorde i sitt møte 03.09.12 slikt vedtak:

”Med heimel i plan – og bygningslova § 19-2 får Norkring AS løyve til å setje opp ny mast ved sida av eksisterande mastepunkt på Høløksla som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Den eksisterande masta med alle fundament og bardunfeste fjernast.
2. All transport skal skje med helikopter på barmark eller med beltekøyretøy på vinterføre.
3. Det skal ryddast opp etter anleggsperioden og avfall skal leverast til godkjent deponi.
4. Privatrettslege forhold vert tilrådd avklart før tiltaket vert ferdigstilt. ”

I forkant av Dykkar møte var eg i samtale med kommuneadministrasjon og fortalde at eg ikkje har noko avtale med Norkring AS for bygging / utvidinga av mast på Høløksla. Dette har heller ikkje skjedd etter kommunen sitt vedtak vart kjent for begge partar.

Eg reagerer på at kommunen faktisk kan gje løyve til bygging på annan manns grunn ,og i tillegg kun tilrå at privatrettslege forhold vert avklara.

I kommunen sitt vedtak står det i tillegg at søknaden gjeld tillatelse til endring av Gnr 20, bnr 2 , teig 2. Ber om at kommunen gjer greie for kvar dette er.

Ankar med dette sak 095/12 , og vil ikkje tillate det omsøkte arbeidet før ein skriftleg avtale og riktig Gnr og bnr ligg føre.

Mvh

Nils Garen